Statens vegvesen

Hammar-Kameratane AS
Hella 60
5936 MANGER

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Tone Bøyum / 55516792 | 16/71048-4 | | 16.06.2016 |

## Byggjegrense - Dispensasjon - Fv. 413 - Gnr. 99 bnr. 7 - Radøy kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 6. mai 2016 med søknad om dispensasjon frå byggjegrense langs Fv. 413. Vi syner også til vedtak 16. mars 2016 etter plan- og bygningslova i hovudutval for plan, landbruk og teknisk for dispensasjon frå plankrav for deling og oppføring av to-mannsbustad på gnr 99 bnr 7 i Radøy kommune. Vi syner elles til våre uttaler til dispensasjonsspørsmålet. Statens vegvesen har vore på synfaring i dispensasjonssaka.

**Kva saka gjeld**:
Det er søkt om å oppføre to-mannsbustad med tilhøyrande parkering på Ystebø, gnr. 99 bnr. 7. Radøy kommune. Det er i samband med dette søkt om dispensasjon frå byggegrense langs veg på 29 meter.

Den omsøkte tomta er avsett til bustadføremål jf. arealdelen av kommuneplan for Radøy.

Bustaden er planlagt på vestsida av Fv. 413. Fartsgrensa på staden er 80 km/t. Årleg døgntrafikk (ÅDT) er 350. Vegtrekninga er klassifisert som «Haldningsklasse 4» jf. *"Rammeplan for avkøyrsler og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013-2016)".*

**Vedtak**:
Statens vegvesen gjev etter ei samla vurdering dispensasjon frå byggjegrense langs veg:

Veg / stad: Fv. 413 hp 1 km 0,363 / Ystebø, gnr. 99 bnr. 7 i Radøy kommune

Vi gjer merksam på at dispensasjonen berre gjeld i høve til veglova, og ikkje rettar ovanfor eventuelle andre grunneigarar. Dispensasjonen er gjeve i samsvar med føresegnene om byggjegrenser i veglova si §§ 29 og 30 og på dei vilkår som er nemnd nedanfor:

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030

firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø

1. Bygningane må ikkje nyttast til anna føremål enn det som kjem fram av søknaden.
2. Bygning og tiltak skal plasserast som vist på situasjonskart datert 23.09.2015 vedlagt søknaden (vedlagt). Næraste bygningsdel for tomannsbustad skal vere 29 meter frå vegmidte.
3. Dispensasjonen fell bort dersom byggjearbeidet ikkje er starta innan 3 år frå dd.
4. Det er ikkje grunnlag for krav mot Statens vegvesen på grunn av skade eller ulempe som følgjer av at bygningane ligg innanfor byggjegrensa, med mindre det kan påvisast aktløyse frå vegvesenet si side.
5. Dersom bygga vert oppført i strid med vilkåra i denne dispensasjonen, kan bygget krevjast fjerna med heimel i veglovas § 36 utan kostnad for Statens vegvesen.
6. Det skal vere snuplass på eigen eigedom, slik at ein unngår rygging på vegen.

**Klageadgang:**
Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan påklagast jamfør forvaltningslova §§ 28 – 36. Klagefrist er tre – 3 – veker frå vedtaket er mottatt. Ei eventuell klage skal sendast til Statens vegvesen som oversender saka til klageinstansen.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Odd Høydalsvik
sjefsingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Vedlegg:
Situasjonskart med avstand veg datert 23.09.2015.

Kopi
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER




01 13.11.2015 RS Korr. planeringshøyde og tilkomstvei

DATA DESIGN SYSTEM

| | | | |
|---|---|---|---|
| Prosjekt: | 2-MANNSBOLIG - EGEN TYPE -Tradisjon | Prosjekt ID: | 15-044 |
| Tegning vedr.: | SITUASJONSPLAN - A4 | Tegn.nr: | 500 |
| | | Målestokk: | 1:500 A4 |
| Tiltakshaver: | STEVNEBØ BYGGEVARE AS | Dato: | 23.09.2015 |
| Byggested: | RADØY G.nr.: 45 B.nr.: 435 | Tegnet av: | RS |
| Arkitekt: | E.A. SMITH AS AVD. HIBA HUS - 5239 RÅDAL Tlf. 40006375 - Faks 55229990 | | |
| Leverandør: | STEVNEBØ BYGGEVARE AS - 5937 BØVÅGEN Tlf. 56349460 - Faks 56349461 | | |

HIBA HUS

© Tegningen er beskyttet i.h.t. lov om opphavsrett.